



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Eldrerådet	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Helse- og omsorgstenesta	Oddvin Arne Neset
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 19/214
		Klassering:

Arbeidsgruppe reforma "Leve heile livet"

Det vert etablert ei arbeidsgruppe som skal fylje opp reforma «Leve heile livet».

Arbeidsgruppa sitt mandat er å vurdere korleis reforma kan tilpassast behova i Masfjorden kommune, og peika på tiltak som er sentrale i innføringa av reforma. Arbeidsgruppa skal innan 1.6.2021 leggje fram forslag til prioriterte områder, og peika på korleis desse kan innarbeidast i våre planar.

Gruppa skal vere tverrsektorielt samansett (plan, teknisk, helse-omsorg), og representant frå eldrerådet og frivillig sektor vert invitert til å delta i arbeidet. Rådmannen får fullmakt til å peike ut deltakarar og leiar av arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa rapporterer til Formannskapet, som er styringsgruppe i arbeidet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regjeringa si kvalitetsreform «Leve hele livet» har som mål at den aldrande delen av befolkninga skal få fleire gode gode leveår, ha god helse lenger og i større grad meistre eige liv. Reforma byggjer på stortingsmelding nr. 15 (2017-2018), og handlar om grunnleggjande faktorar som er sentrale i livet til eldre. Område som har fokus er mat, aktivitet, fellesskap, helsehjelp og sammenheng i tenestene.

Leve hele livet har fem innsatsområde:

1. Et aldersvenleg Noreg
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltider
4. Helsehjelp
5. Sammenheng i tenestene

Vurdering

Kommunane har fått i oppdrag å tilpasse innsatsområda i reforma til lokale tilhøve. Regjeringa forventar lokale prosessar der kommunestyra tek stilling til korleis reforma skal innførast og

gjennomførast lokalt. Dei kommunane som har vedteke ein plan, eller skildra ein prosess, for gjennomføring av Leve heile livet vil verte prioritert innanfor relevante tilskuddsordningar.

For å få belyst status og utfordringsbiletet i Masfjorden kommune er det føremålstenleg å arbeide tverrsektorielt, der både representantar frå kommunen si helse-omsorgsteneste, teknisk sektor og planavdeling er representert. Det er også viktig å trekkje inn representantar frå aldersgruppa over 65 år i arbeidet, slik som eldreråd og pensjonistlag.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at det vert etablert ei arbeidsgruppe som skal fylje opp reforma «Leve heile livet». Arbeidsgruppa sitt mandat er å vurdere korleis reforma kan tilpassast behova i Masfjorden kommune, og peika på tiltak som er sentrale i innføringa av reforma. Arbeidsgruppa skal innan 1.6.2021 leggje fram forslag til prioriterte områder, og peika på korleis desse kan innarbeidast i våre planar.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost